

## JA TIL BYRTE OPPVEKSTSENTER!

Skulen i Byrte har svært mange gode sider:

Eit flott natur- og kulturlandskap i omgjevnadene  
Eit godt og trivleg skulehus  
Eit passe stort bibliotek vegg i vegg med klasserommet  
Gode lærekrefter!  
Oversiktleg læringsmiljø

Underteikna flytta til Mo for vel to år sidan, og eldstemann av fire born skal på skulen neste år. Me ynskjer at han skal byrje på Byrte oppvekssenter! Me visste at Tokke har ein politisk profil som satsar på grendeskulene, og dette var med i vurderinga da me flytta frå Oslo. Born er på skulen svært mange timar kvar dag. Lat dei vere i eit trygt nærmiljø, der dei vert sett, og der vanskelege situasjonar, slik som mobbing etc, er lett å oppdage, og og gjere noko med! Lat dei få lære sin ABC og multiplikasjonstabell under tett oppfølging, slik det er mogleg å gjere på ein liten skule. Det finst lærarar som ynskjer å arbeide på små skular, og som klarer å utnytte det gode læringsmiljøet desse skulane byr på.

Små einingar, det vere seg skular eller andre samfunnsinstitusjonar, får lett negativt fokus om noko ikkje er heilt som det skal. Da raslar sablane om stenging og nedlegging. På store stader er nedlegging heilt uaktuelt! Det ville vel aldri bli snakk om å stengje Tokke skule sjølv om mobbing, eller stort gjennomtrekk i lærarstaben var eit problem?

Bruk ressursar på borna, hald fast på desentralisert skulestruktur! Dette er med på å gjere Tokke kommune meir mangfoldig og spennande. Slik er Vest-Telemark på sitt beste, med levande grender og godt oppvekstmiljø.

Med helsing

Ingrid Grøstad Johnson  
Mor til fire born i Mo

1.september 2010